

Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
PB 7900
5020 BERGEN

Vår dato
27.09.2017

Rapport på bruk av spaserstokkmidler 2016

Dykkar referanse 2015/3055-56

Fusa kommune fekk kr 48.000,- i tilskot til den Kulturelle spaserstokken i 2015 til bruk i 2016.

Første prioritet i vår opphavlege søknad var å vidareføra eit musikktilbod til demente menneske som nyttar dagsentertilbod, både dei som bur på institusjon og heimebuande. Vi hadde i 2016 eit samarbeid med musikkterapeut Fredrik Elholm i Elhom Musikkomsorg. Han hadde i 2016 22 besøk i Fusa. Det var om lag 20 eldre som nytta seg av tilbodet kvar gong.

Elholm har eit godt pedagogisk opplegg der han syng både for og med dei eldre og aktiviserer det musikalske minnet og songgleda hjå ei gruppe som elles gjerne blir passivisert og i liten grad tar del i kulturlivet elles.

I gjennomføringa av tilbodet hadde vi eit samarbeid med Fusa frivilligsentral som stilte med frivillige som hjalp til med å samla dei eldre i stova og assisterte undervegs.

Samla utgift til honorar til Elholm musikkomsorg var kr 47.828,- i 2016.

Ta kontakt om de har spørsmål til rapporten.

Helsing

Erik Vangsnes
kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.